

**Studiepoeng-givande kurs**

**10 studiepoeng**

# **Garden som pedagogisk ressurs og læringsarena**



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL  
FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE  
FYLKESMANNEN I HORDALAND



**Høgskolen i Molde**  
Vitenskapelig høgskole i logistikk

# Gården som pedagogisk ressurs og læringsarena

Å bruke garden som ein ressurs til grupper med ulike hjelpebehov, opplæringsarena eller som ein alternativ dag, har eksistert i over 10 år og utvikla seg i ulike retningar. Saman med denne utviklinga har også behovet for studietilbod, knytt til ulike tema, utvikla seg.

Kurset **"Garden som ein pedagogisk ressurs og læringsarena"** er vidareutvikla på grunnlag av eit Leonardo Da Vinci prosjekt: "Training for small farm diversification in Europe" med utarbeidning av læreplan "Caring Work on farms" og 4 kurs i "Grøn omsorg/Inn på tunet". Sistnemde kurs var eit samarbeid mellom Fylkesmannen i Møre og Romsdal, landbruksavdelinga og Høgskolen i Molde, og det første kurset av denne typen i Noreg.

## Organisering av studiet

Studiet er organisert frå Høgskolen i Molde og har fire samlingar à to dagar, to samlingar i haustsemesteret og to i vårsemesteret. I tillegg er det førebuingar og arbeidskrav før første samling og mellom samlingane. Samling ein og to er i Molde, samling tre i Bergen og samling fire i Førde.

## Målgruppe

Målgruppa for studiet er:

- Gardbrukarar
- Lærarar i grunnskulen og vidaregåande skule

## Opptakskrav

Det er krav om generell studiekompetanse eller realkompetanse for å få vitnemål. For den som ikkje har dette, vert det gitt kursbevis. Eit studiebesøk på ein "Inn på tunet" gard må vere gjennomført før første samling.

Det er ønskeleg at kursdeltakarane møter som student-par, bonde/lærar. Dette fordi det skal utarbeidast ei skisse til eit prosjekt på første samling, noko som krev at det har vore kontakt mellom ein gardbrukar og ein lærar/skule.

## Vurderings- og arbeidsformer

Studiet bruker ulike undervisningsmetodar. Det vil mellom anna vere førelesningar, gruppearbeid, studiebesøk og sjølvstudie med arbeidskrav. Det er obligatorisk oppmøte på alle samlingane. Eventuelle dagsfråver må avtalas på førehand.

## Arbeidskrav

Før første samling:

Det skal vere gjennomført eit studiebesøk på ein "Inn på tunet" gard.

## Første/andre samling

Skisse til eit prosjekt (i samarbeid med "partner") skal presenterast med ein power-point presentasjon (sjå eigne retningslinjer).

## Tredje/fjerde samling

Mellan tredje og fjerde samling skal det utarbeidast to læringsaktivitetar knytte til garden som opplæringsarena for to ulike alderstrinn (Sjå eigne retningslinjer).

# 1. og 2. samling 5 studiepoeng

## Fagleg innhald

Første og andre samling fokuserer på tenking knytte til ideen om garden som ressurs og læringsarena. Tema og omgrep som er viktig når ein skal forholde seg til menneske som treng opplæring/støtte/hjelp skal sjåast på, saman med ramcefaktorar som må vere til stades for at ein kan bruke garden som læringsarena. Det skal gjerast ei analyse av gardens/prosjektets sterke og svake sider. Økonomi, avgiftaer og forsikringar vil og verte tema.

## Tema i første og andre samling

- Garden som ressurs - Inn på tunet som ide
- Garden som formidlar av kultur og historie
- Meistring - eit sentralt omgrep
- Kommunikasjonsprosessen
- Relasjonskompetanse/sosial kompetanse
- Meining og meiningsgivande aktivitetar
  - Ugt entreprenørskap – bedrift på gard, er det mogleg?
- Konflikt- og kriseløysing
- Bruk av alternative opplæringsarena i grunnskulen (Rammeverk)
- SWOT-analyse (Analyse av sterke og svake side ved garden/prosjektet)
- Økonomi og kontraktar
- Økonomi/forsikring
- Rettleiing på eige prosjekt
- Oppgåveskriving

## Læringsutbytte

Etter gjennomført første og andre samling skal studenten:

- ha kunnskap om Inn på tunet som ide, korleis garden kan formidle kultur og historie og arena for aktivitetar som gir meinung
- ha kunnskapar om ramcefaktorar knytt til det å bruke garden som ressurs og læringsarena
- ha reflektert over sterke og svake sider knytt opp mot eige prosjekt
- kunne anvende tema frå undervisninga i planlegging av eige prosjekt
- ha aktuell kunnskap om økonomi, skatt og forsikring
- kunne presentere eige prosjekt

## Eksamensoppgave

Prosjektskisse og brosjyre. Kvart enkelt par lager eit prosjekt med utgangspunkt i den enkelte gard sine ressursar. I tillegg skal det utarbeidast ei prosjektskisse som skal syne bruk av teori frå dei to første samlingane. I tillegg utarbeidast det ei brosjyre for prosjektet (Sjå eigne retningslinjer).



# 3. og 4. samling 5 studiepoeng

Tredje og fjerde samling fokuserer på bruk av garden som ein læringsarena. Ideen bygger på at elevane si læring skjer gjennom utføring av konkrete arbeidsoppgåver på ein gard, med før og etter refleksjon. Den enkelte elevgruppe/elev er utgangspunktet når allmennpedagogikk og spesialpedagogikk vert knytte til tema i forelesingar/oppgåver. Ulike aktivitetar på garden vert kopla opp mot Kunnskapsløftet og kompetansemål i læreplanen for ulike fag. Det vert fokusert på viktige prinsipp som likeverd og inkludering når det skal leggast til rette for å bruke garden som alternativ læringsarena for ulike alderstrinn.

## **Tema i tredje og fjerde samling**

- Skulen og lokalsamfunnet
- Garden som klasserom
  - Sett i lys av læringssyn og lærингsteoriar
- Garden som opplæringsarena
  - Sett i lys av kunnskapsløftet og læreplanar
- Allmennpedagogikk og spesialpedagogikk knytt til garden som ressurs
- Læringsaktivitetar på gard tilpassa dei ulike utviklingstrinna (Utviklingspsykologi)
  - Barnetrinnet
  - Mellomtrinnet
  - Ungdomstrinnet
- Skulehage/økologi
- Presentasjon av konkrete prosjekt
- Rettleiing og oppgåveskriving

## **Læringsutbytte**

Etter gjennomført tredje og fjerde samling skal studenten:

- ha kunnskap om korleis ein kan bruke garden/lokalsamfunnet som klasserom
- kunne knytte garden sine ressursar som opplæringsarena til kunnskapsløftet og ulike læreplana sine krav
- ha kunnskap om å bruke det enkelte barn/ungdom sine opplæringbehov når ein planlegg å bruke garden som opplæringsarena
- kunne nytte tema frå undervisninga når en planlegg eige prosjekt (Prosjektoppgåve)

## **Eksamens**

### **Prosjektoppgåve**

Kvar par vidareutviklar sitt prosjekt med utgangspunkt i den enkelte gard sine ressursar. Det skal skrivast ei prosjektoppgåve. Prosjektoppgåva er ei vidareutvikling av prosjektskissa. Ein skal syne korleis ein vil bruke teori frå tredje og fjerde samling i prosjektet (Sjå eigne retningsliner).

# Garden som pedagogisk ressurs og læringsarena

Garden som pedagogisk ressurs og læringsarena er ein del av eit større studiekonsept og retter seg mot ulike målgruppe innan utdanningssektoren, helse- og sosialsektoren og NAV.

Første og andre samling utgjer studiets grunnmodul, tilsvarende 5 studiepoeng, uansett kva sektor ein kjem frå, og er ein føresetnad for å ta tredje og fjerde samling.

Dersom det er søkjrarar frå andre sektorar, vil det på dei to første samlingane bli tilrettelagt for tilpassing.

Tredje og fjerde samling, tilsvarende 5 studiepoeng, vil vere ein fagspesifikk modul og er retta inn mot særskilde målgruppe. Andre aktuelle tema for tredje og fjerde samling kan vere:

- Garden som ressurs for menneske med psykiske lidelser
- Garden som ressurs for menneske med demens
- Garden som ressurs for born og unge med særskilte utfordringar
- Garden som ressurs for menneske med psykisk utviklingshemming
- Garden som arbeidsooplæringsarena (NAV).



# Praktisk informasjon

## Tidspunkt

Første samling, Høgskolen i Molde, 29. og 30.09.2011

Andre samling, Høgskolen i Molde, 24. og 25.11.2011

Tredje samling, Bergen, 26. og 27.01.2012

Fjerde samling, Førde, 22. og 23.03.2012

## Pris

Eksamensavgift: kr 1000,-

Deltakarane dekker sjølv reise, opphold og kost.

Deltakarane kan nytte Høgskolen i Molde sine hotellavtalar med Choice,

Thon eller Rica. Oppgje dette ved betilling av rom.

## Påmelding

Antal studieplassar: 20

Påmelding til Høgskolen i Molde, EUV, ved Øystein Nerland

Postboks 2110, 6402 Molde, på eget skjema, se [www.himolde.no](http://www.himolde.no)

## Påmeldingsfrist

15. mai 2011

## Adresseopplysninger

Høgskolen i Molde

EUV

Postboks 2110

6402 Molde

[www.himolde.no](http://www.himolde.no)

## Kontaktpersonar

Fagansv.: Høgskolelektor Else Jørgensen, [else.jorgensen@himolde.no](mailto:else.jorgensen@himolde.no), 71 21 40 11

Adm. koordinator: Øystein Nerland, [oeystein.nerland@himolde.no](mailto:oeystein.nerland@himolde.no), 71 21 41 31

### Inn på tunet-kontaktane i fylkene:

Ingrid Røkke Døskeland, Fylkesmannen Sogn og Fjordane

[ingrid.rokke.doskeland@fmsf.no](mailto:ingrid.rokke.doskeland@fmsf.no), 57 72 32 11 / 90 86 54 59

Aud Lindset Drågen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

[aud.lindset.draagen@fmmr.no](mailto:aud.lindset.draagen@fmmr.no), 71 25 81 31 / 41 52 16 35

Åse Vaag, Fylkesmannen i Hordaland. [ase.vaag@fmho.no](mailto:ase.vaag@fmho.no), 55 57 21 88 / 92 02 82 91

Berit Karin.Rystad, Fylkesmannen i Hordaland, [berit.karin.rystad@fmho.no](mailto:berit.karin.rystad@fmho.no)



**Høgskolen i Molde**  
Enhet for utadrettet virksomhet

Klipp her!

Poengsum



Søkernummer

## Høgskolen i Molde

Vitenskapelig høgskole i logistikk

**Postboks 2110, 6402 MOLDE, Tlf 71 21 40 00**

### SØKNADSSKJEMA GÅRDEN SOM RESSURS

(NB! Skjema benyttes kun av søker med norsk utdanning bosatt i Norge)

#### PERSONALIA

|  |                         |
|--|-------------------------|
| Etternavn:   | Fornavn:                |
| Personnummer (11 siffer):  | Kjønn:                  |
| Gateadresse:   | Postnummer og poststed: |
| Hjemstedskommune:  | Fylke:                  |
| Statsborgerskap<br>Utenlandske statsborgere med norsk utdanning må legge ved dokumentasjon på statsborgerskap og gyldig oppholdstillatelse i Norge for 2011-2012 | Telefon privat/arbeid:  |
| E-post adresse:  |                         |

#### TIDLIGERE FULLFØRT UTDANNING

| Tidsrom | Utdanningsinstitusjon | Type utdanning | Vedlegg nr |
|---------|-----------------------|----------------|------------|
|         |                       |                |            |
|         |                       |                |            |
|         |                       |                |            |
|         |                       |                |            |
|         |                       |                |            |

**NB! Legg ved attesterte vitnemål/karakterutskrifter**

Vitnemål må ettersendes innen 1. juli.

#### YRKESPRAKSIS

| Tidsrom | Arbeidsgiver | Stilling | Stillingsbrøk | Vedlegg nr |
|---------|--------------|----------|---------------|------------|
|         |              |          |               |            |
|         |              |          |               |            |
|         |              |          |               |            |
|         |              |          |               |            |
|         |              |          |               |            |

Klipp her!

**ANNET**

|  | Vedlegg nr |
|--|------------|
|  |            |

---

*Sted**Dato**Underskrift*

**Høgskolen i Molde**  
Vitenskapelig høgskole i logistikk

Høgskolen i Molde  
Postboks 2110  
6402 MOLDE

Telefon 71 21 40 00  
Telefax 71 21 41 32  
[www.himolde.no](http://www.himolde.no)  
[post@himolde.no](mailto:post@himolde.no)